

Plenumsmøte i Europaparlamentet 2. – 5. mai 2022

Frå: Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor

Dato: 6. mai 2022

Europaparlamentet har hatt plenumsmøte i Strasbourg denne veka. Også i denne sesjonen var situasjonen i Ukraina og effektane av krigen tema i mange debattar, men det var i tillegg drøfting om kunstig intelligens, rettsstatssituasjon og pressefridom. Parlamentet er klare til å starte forhandlingar med Rådet om reglar for felles mobilladarar, farlege kjemikalier og ein mekanisme som skal verne den indre marknaden mot effekten av subsidiar i tredjeland. EUs framtidskonferanse er i ferd med å bli avslutta og Parlamentet vil støtte traktatendringar om det er nødvendig for å gjennomføre tilrådingane frå konferansen. Parlamentet vil også ha initiativrett og går inn for at 28 representantar skal veljast frå felles europeiske lister ved neste val til Europaparlamentet i 2024.

Parlamentet meiner EU-solidaritet er viktig for å hjelpe Ukraina og få slutt på krigen

[Europaparlamentet diskuterte effektar av krigen i Ukraina](#) med det franske EU-formannskapet og kommisjonspresident von der Leyen onsdag. Debatten handla både om behovet for ytterlegare sanksjonar mot Russland, men også sosiale og økonomiske effektar i EU av krigen. Von der Leyen fekk applaus da ho annonserte Kommisjonen framlegg til ei sjette sanksjonspakke som mellom anna medfører gradvis stans av oljeimport frå Russland. Parlamentet krev at [Russland må returnere sivile fly](#) som er beslaglagt. Også ei gjenreisingspakke for Ukraina vart godt motteke. Parlamentarikarane la vekt på behovet for samhold og solidaritet i EU både for å takle effektane av krigen i EU, men også når attreisninga av Ukraina startar. Parlamentet vedtok også ein [resolusjon som understrekar at kvinnelege flyktingar må beskyttast mot vold og seksuell utnytting](#).

Gje Moldova kandidatstatus

Europaparlamentet meiner [Moldova må få status som kandidatland til EU](#) og går samstundes inn for å auke den økonomiske bistanden til landet. Landet bør inviterast inn i den indre marknaden og det sektorvise samarbeidet mellom EU og Moldova må styrkast. Parlamentet er uroa over utviklinga i utbrytarområdet Transnistria.

Tale av den italienske statsministeren Mario Draghi

[Den italienske statsministeren Mario Draghi talte til plenumsmøtet tysdag](#) og tok til orde for reform av EU og meir integrasjon for å sikre bærekraftig økonomisk vekst og omstilling. Han gjekk også inn for å innføre fleirtalsvedtak på utanriksområdet og meir koordinering mellom nasjonale forsvarssystem.

EU må sette globale standardar for kunstig intelligens

[Europaparlamentet vedtok med stort fleirtall](#) sluttrapporten frå spesialkomiteen for kunstig intelligens. Parlamentarikarane vil ha eit vegkart for kunstig intelligens fram til 2030 og viser til at bruk av kunstig intelligens kan bidra positivt i å løyse utfordringar som klimaendringar, pandemiar og i arbeidsmarknaden. Samstundes er Parlamentet opptatt av at utfordringar knytt til grunnleggjande rettar og personvern. Det er viktig at EU vedtar reglar som kan bli den globale standarden på dette området.

Handling for å verne felles verdiar i Polen og Ungarn

Igjen var det debatt i Europaparlamentet om [rettsstatsutviklinga i Polen og Ungarn](#). Parlamentet bad om reell handling frå medlemslanda i Rådet og om klare tilrådingar og tidsfristar for gjennomføring for å sikre forbetring i situasjonen. Dei nasjonale gjenreisingsplanane må ikkje godkjennast før det har vore framgang i situasjonen.

Uro for pressefridom

[Europaparlamentet er urolege for utviklinga i pressefridomen i Europa](#). På verdas pressefridomsdag, 3. mai, opna Parlamentet for nominering av kandidatar til Daphne Caruana Galizia-prisen for pressefridom. Prisen har namn etter ein maltesisk journalist og antikorrupsjonsaktivist som vart drepen av ei bilbombe i 2016.

Styrking av mandatet til Europol, men med kontroll

Ein avtale med Rådet om å [styrke mandatet til Europol vart vedteke med stort fleirtal](#), men Parlamentet legg vekt på å styrke kontrollen med verksemda. Det omfattar både at Det europeiske datatilsynet skal føre tilsyn med datahandteringa i Europol og at Europol skal få ein tilsett med ansvar for grunnleggjande rettar. Samstundes støttar Parlamentet at Europol kan starte forskingsprosjekt og mottak av data frå private aktørar.

Kritikk av EUs grensebyrå

[Europaparlamentet godkjente pengebruken i 2020](#) til ulike EU-organ og budsjettpostar denne veka, men ikkje for grensebyrået Frontex. Parlamentet vil vente på rapporten frå antikorrupsjonsbyrå OLAF. Europaparlamentet har også tidlegare stilt spørsmål ved verksemda til Frontex. Les meir om Parlamentets [godkjenningsprosedyre](#) her.

Klart for forhandlingar med Rådet om nytt verktøy for å beskytte den indre marknaden mot utanlandske subsidiar

[Plenumsrådet gav samtykke](#) til at innstillinga frå utanlandshandelskomiteen om eit nytt verktøy knytt til utanlandske subsidiar, kan danne grunnlag for forhandlingar med Rådet. Parlamentet er opptatt av at utanlandske subsidiar ikkje må forstyrre ein rettferdig konkurranse i den indre marknaden og legg vekt på at den nye mekanismen må vere effektiv og tydeleg. Forhandlingar med Rådet var venta å starte alt 5. mai.

Klart for forhandlingar om harmonisering av mobilladarar og om kjemisk avfall

[Europaparlamentets plenumsråd](#) gav også grønt lys til at det kan startast forhandlingar med Rådet om endring i radiodirektivet knytt til harmonisering av laderar for mobiltelefonar og andre bærebare einingar. Forhandlingane vil ta utgangspunkt i innstillinga som indre marknadskomiteen vedtok i april. Målet er å redusere omfanget av el-avfall og gjere det lettare for forbrukarar.

I tillegg er Parlamentet klart for [forhandlingar med Rådet om endring av ei forordning om persistente organiske miljøgifter \(POPs\)](#) basert på innstillinga frå miljøkomiteen. Parlamentet vil ha strengare grenseverdiar, fjerne slike miljøgifter frå resirkuleringskjedene og ta med fleire kjemikalie på lista over skadelege stoff.

EUs framtidskonferanse

EU framtidskonferanse er i ferd med å [avsluttast](#) og sluttrapporten vil bli lagt [fram i Strasbourg på Europadagen 9. mai](#). [Europaparlamentet støtta denne veka](#) det arbeidet som er gjort og sa seg klart til å støtte eventuelle traktatendringar om det er nødvendig. Sluttdokumentet frå konferansen tek til orde for meir integrasjon knytt til mellom anna energi, forsvar og for å sikre vekst og motstandskraft. Parlamentet vil ha ein initiativrett og slutt på samrøystes vedtak i Rådet.

Europeiske lister og felles valordning til neste EU-val?

[Europaparlamentet vil ha 28 nye medlemmer](#) som skal veljast gjennom felles europeiske lister ved neste EU-val i 2024. Parlamentet vil også tillate poststemmer, ha same sperregrense i alle land og ein felles stemmerettsalder på 18 år. I dag varierer valordninga mellom EU-landa. Dei foreslår også at valet finn stad 9. mai i alle land. Desse endringane vil krevje samrøystes

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no